

Fylkesårsmøte Aust-Agder Nei til EU

Kokkeplassen på Hisøy, Tirsdag 21.6.2022

Protokoll

Antall betalende medlemmer tilstede: 18

Gjester: Leder av Nei til EU Roy Pedersen.

1 . Åpning.

Olav Lidtveit åpna møte og ønsket Roy Pedersen spesielt velkommen.

Leder av Nei til EU, Roy Pedersen, innledet om aktuelle saker organisasjonen er opptatt av med påfølgende debatt.

2 . Konstituering av møtet.

Disse ble valgt:

Dirigent: **Olav Lidtveit**

Protokollskriver: **Helge Thorbjørnsen**

Protokollvitner: **Jan Oddbjørn Bakke, Ingrid Skårmø**

Godkjenning av innkalling og saksliste.

Vedtak: Innkalling og saksliste godkjent.

3 . Leiarens tale.

Leder, Olav Lidtveit tok oss litt tilbake i historien om kampen mot EU medlemskap, og noe om dagens politiske situasjon.

4. Årsberetning for 2021

Styrets forslag til årsberetning:

Årsberetning 2021 Aust-Agder Nei til EU

HOVUDINNTRYKK.

Også i året me har bak oss synte meiningsmålingane fleirtal mot norsk EU medlemskap. På spørsmål om synet på EØS avtalen var det fleirtal for å behalde denne. Det synte seg at denne meiningera heldt seg heilt fram til valet. Det er difor to viktige hendingar for Nei til EU i 2021 som det er verdt å merkje seg. Den eine er resultatet av stortingsvalet som gav oss eit stort fleirtal mot norsk EU medlemskap på stortinget. Det synte seg at EØS motstanden på

stortinget også har auka. Sjølv om det framleis er fleirtal for EØS avtalen, er dette også noko som peikar i vår lei. Det ser også ut som motstanden i fagrørsla framleis er aukande. Den andre viktige saka for oss var at me fekk den sokalla ACER saka inn for høgsterett. Saka er ikkje avslutta enno men prosessen er i gang. Aust-Agder nei til EU løvvde også pengar til saka.

MEDLEMSUTVIKLING.

Ved årskiftet 2021-2022, var medlemstalet 503 betalande medlemer, men det var 111 som det skulle sendast medlemskrav til, men sentralregisteret var under omorganisering og det endelege medlemstalet var ikkje klart enno, men det var etter sentralregisteret "Hypersys" sine tal på 601 medlemer. Ved årskiftet 2020-2021 var medlemstalet i fylkeslaget 521 medlemer. Det vil seie at medlemstalet har gått fram med 80 medlemer. Dette er nok ikkje heilt rektig i og med at det var 111 medlemer som ikkje hadde fått "purring" ennå i 2021. Det vil alltid vere slik at nokre fell ifrå og nye kjem til. Alt i alt har nok medlemstalet gått noko ned dei siste åra, men kjem det saker som folk er opptekne av aukar medlemstalet, som til dømes ACER og straumprisen. Dette syner at folk har tillit til oss.

ÅRSMØTET 2021

Årsmøtet 2021 vart halde den 9 juni kl.1800 på Kokkeplassen Vesterveien 134 Hisøy Arendal. Frå sentralleiinga i Nei til EU, møtte Olaf Gjedrem som orienterte om aktuelle saker som organisasjonen arbeider med. Frå Ungdom mot EU fekk me vitjing av leiaren: Frankie Rød, som helsa frå ungdomsorganisasjonen vår, og gav oss ein orientering om deira arbeid. Det vart vald nytt styre på årsmøtet.

Desse vart valde:

Olav Lidtveit ,leiari.

Dei andre styremedlemene vart:

Helge Thorbjørnsen

Paul Magnus Gamlemshaug

Ingrid Skårmo

Odd Arne Gabrielsen.

Marit Lyby Bakke.

Jarle Brandsdal.

Vararepresentantane er Olaf Bakke Torolf Aanonsen og Bjørn Arne Engen.

Som revisor vart Oddvar Støle vald.

FYLKESSTYRET

På styremøtet den 28.06.21 konstituerte det nye styret seg på denne måten.

Leiar: Olav Lidtveit. Han vart ditektevald på årsmøtet

Nestleiar og sekretær: Helge Thorbjørnsen.

Kasserar: Paul Magnus Gamlemshaug.

Styremedlem og kvinnekontakt: Ingrid Skårmo.

Styremedlem og verve- og medlemsregister ansvarleg: Odd Arne Gabrielsen

Styremedlem : Marit Lyby Bakke.

Styremedlem : Jarle Brandsdal.

Vararepresentant : Olaf Bakke.

Vararepresentant : Bjørn Arne Engen.

FYLKESRÅDSMØTET 2021.

Årsmøtet 2021 gav styret i oppdrag å finne kandidatar til valnemnd som skal utnemnast av fylkesrådsmøtet.

Rådsmøtet vart halde den 23.nov 2021.på Landbrukets hus Skrubbedalsveien 5.Stoa Arendal. Fyrste del av møtet var eit ope møte som starta kl 1800.der temaet var: ACER.straumprisar.og straumkablar. Foredragshaldar var Jan Steiholt frå Nei til EU. Etter foredraget vart rådsmøtet sett,og forslaget til ny valnemnd vart vedteke.

Desse vart valde:

Leiar: Alfred Skaar Kylland.

Medlem: Tora Jakobsen.

Medlem: Erik Fløystad.

Varamedlem: Torgeir Moseid Byglandsfjord.

Andre verv i Nei tilEU: Paul Magnus Gamlemshaug sit som direktevald til rådet i Nei til EU. Styrets arbeid.

Styret har i kalenderåret hatt 9.styremøte og handsama 33 saker medrekna dei faste sakene.På grunn av coronasmitte vart to av møta haldne på "Teams".Me har i tillegg hatt årsmøte og rådsmøte og felles styremøte saman med Vest-Agder nei til EU. på Landbrukets hus Stoa.Arendal . Styret og vararepresentantane til styret samarbeider godt og me fordeler oppgåvene oss imellom.Me har også kontakt ossimellom på mail og telefon utanom dei ordinære møta.

Arrangement

Også i 2021 la" coronasjukdomen". ein stor dempar på arrangement og utadretta tiltak.I andre halvdel av 2021 vart det letta litt på "Coronarestriksjonane",slik at me kunne delta på Arendalsuka og på Landbrukets dag på Evjemoen,før styresmaktene såg det naudsynt å stramme inn på nyt.Desse to arrangementa ser me på som viktige "arenaer" for å møte folk og å tale vår sak-og ikkje minst å verve nye medlemer. Sjølv om me fekk delta på desse arrangementa har likevel Coronarestriksjonane sett begrensingar på aktivitetene vår i 2021.

REPRESENTASJON OG DELTAKING

Også i 2021 har me delteke på rådsmøte og leidarmøte i regi av leiinga i Nei til EU.På grunn av coronarestriksjonane vart nokre av desse møta haldne på Teams eller på telefon,men når smittetilhøva tillet det, også "fysiske"møte.Me har også delteke på dei verveaksjonane som leiinga har sett igang.

Organisatoriske saker.

Aust-Agder nei til EU har også i 2021 fått god hjelp av fylkessekretærordninga med til dømes utsending av møteinnkallingar og annan informasjon til medlemene våre.Det er varsle frå "sentralt" at fylkessekretærordninga er under omorganisering slik at me må rekne med at nokre av dei oppgåvene som sentraladministrasjonen utførde vert overførde til fylkeslaga,men kva dette vil innebere veit me ikkje så mykje om i skrivande stund.

Ungdom mot EU / Studentar mot EU,

Det er ikkje registrert aktivitet i desse laga i 2021.

Kontakt med lokallaga

Aust -Agder nei til EU har kontaktpersonar i dei fleste kommunar i det tidlegare Aust-Agder fylke. Dei fleste lokallaga er no registrerte som passive ("sovande") lokallag,og har ikkje hatt årsmøte eller annan aktivitet på fleire år,bortsett frå lokallaget i Arendal som er det einaste lokallaget som framleis er definert som aktivt.

Kampanjesaker i Nei til EU.

Det som har vore den viktigaste saka for oss også i året som gjekk, er kampen for å få Noreg ut av EØS avtalen. Også i fjor har den sokalla ACER saka vore arbeidd mykje med,og det har lukkast å få prøvd saka for domstolane. Saka er ikke avgjord ennå,men er under handsaming i rettsapparatet.Aust-Agder nei til EU har også løyvd pengar til dette.Utpå haustkanten fekk ACER saka ei serskild merksemnd då straumprisane "skaut i veret".Då syntet det seg kva konsekvensar denne avtalen kunne få.Mellom mange andre,reagerte både fagrørsla og industrien på dette og det vart skipa ei rørsle som kalla seg "Industriaksjonen",som Aust-Agder nei til EU også slutta seg til.Me deltok også på ulike møte og tilskipingar i samband med ACER saka.Ein annan hyggeleg konsekvens av dette var at me fekk fleire nye medlemer som meinte at no var "nok, nok".

Politiske vurderingar

I 2021 var det stortingsval.Det førde til at det vart regjerings skifte der Senterpartiet og Arbeiderpartiet gjekk saman om å danne regjering på den sokalla Hurdalsplattformen. Det var semje om at det ikkje var aktuelt å søkje om EU medlemskap i stortingsperioden.Det vart også hevda at EØS avtalen står fast men at det sokalla handlingsrommet og reservasjonsretten måtte nyttast aktivt.Det er også interessant å sjå resultatet av dei siste meiningsmålingane. På spørsmål om utmelding av ACER og om EØS eller handelsavtale, vart det svara at fleirtalet ville ut av ACER og ha ein handelsavtale framfor EØS.Det vert også interessant å sjå kva konsekvensar desse sakene vil få for samarbeidet mellom eit ja til EU parti og eit nei til EU parti,og kven som må svegle flest "kamelar" for å halde regjeringa saman.Også i 2021 syntet meiningsmålingane fleirtal mot norsk EU medlemskap.Me må likevel ikkje gløyme at det framleis er krefter i samfunnet som vil ha oss inn i EU og argumenterer no for at me må inn i

EU av tryggingsmessige grunnar og syner til Russlands åtak på Ukraina. Det som me likevel må gle oss over er at meir og meir av fagrørsla er imot både EØS avtalen og ACER. Etter mi meining er det først og fremst fagrørsla som kan påverke Arbeiderpartiet i vår favør, sjølv om det nok framleis sit langt inne. Det vert også interessant å sjå den vidare utviklinga i EU, både på grunn av krigen i Ukraina og no når Storbritannia er ute av EU. Sjølv om mangt kan endre seg i tida som kjem, må me likevel vere klår over at det er krefter som vil ha oss inn i EU. Difor er det viktig å halde fram med arbeidet vårt for eit fritt og demokratisk land der me sjølve lagar lovene våre

Vedtak: Godkjent.

5. Rekneskap for 2021 med revisjonsrapport.

Revidert regnskap ble ikke lagt på grunn av byte av kasserer, men en økonomioversikt ble orientert om av Olaf Bakke.

Vedtak: Tatt til orientering med forbehold om at revidert regnskap blir lagt frem på rådsmøte.

6. Innkomne saker.

1. Tillegg til vedtekten:
2. Forslagstiller: Styret i Aust-Agder Nei til EU

Forslag til endring av vedtekter: Forslag om tillegg til vedtekten paragraf 6. settes inn etter avsnitt 4: styrets godkjenner...

Kun tillitsvalgte i aktive lokallag har anledning til å uttale seg på organisasjonens vegne.

Vedtak: vedtatt mot to stemmer

7. Politiske uttalar.

Det har ikke kommet inn noe forslag på politiske uttalelser.

8. Arbeidsplan for 2022.

Styrets forslag til arbeidsplan:

Arbeidsplan 2022 Aust-Agder Nei til EU Fylkesstyret bed årsmøtet vedta følgjande arbeidsplan for fylkeslaget i 2022.

Til grunnlag for arbeidet i 2022 legg me til grunn den arbeidsplanen som vart vedteken på landsmøtet i Nei til EU den 6 og 7 november 2020. Me har videreført faste oppgåver som Aust-Agder nei til EU må gjere kvart år, og nokre oppgåver som ikkje vart sluttført i førre årsmøteperiode, frå den arbeidsplanen som vart vedteken på årsmøtet for Aust-Agder nei til EU den 9 juni 2021.

1. Det viktigaste arbeidet for Aust-Agder nei til EU, er å arbeide for at Noreg skal melde seg ut av den sokalla EØS avtalen, og erstatte den med ein handelsavtale med EU. I tillegg vil Nei til EU alltid ha merksemål på at Noreg framleis skal stå fritt og sjølvstendig utanfor Den Europeiske Union.

2. Difor vil me arbeide for å arrangere opne møte og konferansar både til dømes i Arendalsuka og elles i året. Møta skal særskilt bidra til å samle den breie nei sida med å fremje oppslutninga til kravet om at Noreg skal melde seg ut av EØS og erstatte den med ein handelsavtale med EU.
3. Me vil bidra til å synge korleis EØS avtalen verkar på det norske samfunnet og undergrep norsk lov og sjølvråderett. Samarbeide med fagrørsla mot sosial dumping og sokalla "pakker" frå EU som svekkar dei faglege rettane i arbeidslivet.
4. Me vil arbeide for at Noreg går ut av det sokalla Schengen-samarbeidet, og ha full kontroll over eigne grenser.
5. Me vil freiste å delta på marknader og messer som til dømes Landbrukets dag og Arendalsuka.
6. Me vil skrive og freiste å få redaksjonelle oppslag i media.
7. Me vil freste å vere tilstades på arrangement og tilskipingar som andre organisasjonar arrangerer å tale vår sak, som til dømes ved valtilskipingar.
8. Me skal i 2022 ha minst 4 styremøte, og ha eit fungerande arbeidsutval. Me vil lage ein plan for drifta gjennom året, men vil også ha høve til møte etter behov.
9. Me vil legge til rette for at styre og medlemer kan delta på rådsmøte og leiarmøte. Fylkeslaget kan også gjeve stønad til reise og opphold på andre aktuelle møte og konferansar etter søknad til arbeidsutvalet.
10. Me vil at verving av medlemer til organisasjonen skal vere ei viktig oppgåve også i komande arbeidsår, og vil delta aktivt i verveaksjonar og andre former for verving.
11. Me vil stø ungdoms og studiearbeid, og stø Ungdom mot EU. Me vil hjelpe til med å skipe studentlag ved Universitetet i Agder (Studentar mot EU)
12. Me vil arbeide for å ha kommunekontakter i alle kommunane i Aust-Agder, og å hjelpe til med å skipe nye lokallag. Me vil også hjelpe aktive etablerte lokallag og kontaktpersonane i Aust-Agder med deira arbeid.

Vedtak: vedtatt.

9. Budsjett for 2022.

Det ble ikke lagt frem noe endelig budsjett forslag fra styret på grunn av utfordringene med kasserervervet. Det ble derimot foreslått et foreløpig budsjett basert på kasserers forslag slik at styret har noe å arbeide med frem til rådsmøte. Endelig budsjettforslag legges frem på neste rådsmøte.

Vedtak: Fylkesårsmøte vedtar foreløpig budsjett som vist nedenfor under forutsetning av at ferdig budsjett blir lagt fram for godkjenning på første rådsmøte.

Inntekter:	Regnskap	Budsjett
Kontonr.	2021	2022
Inntekter		
3010 Kontingent fra sentralt, fylkeslagets del	87090	85000
3030 Støttebevilgninger fra organisasjoner	0	0
3040 Gaver fra styremedlemmer og andre?		8 000
3040 Overført kassabeholdning passive lokallag	0	12000
3040 Momskompensasjon	5000	5000
3040 Diverse inntekter	0	0
8070 Renteinntekter	0	0
Sum inntekter	92 090	110 000

Kontonr.

Utgifter

3010 Kontingent, lokallagenes del	0	0
7010 Reiseutgifter eget fylke	?	8 000
7020 Arrangement og aktiviteter i eget fylke	7521.64	5 000
7021 Reiseutgifter mm. landsmøte, rådsmøter, lederkonferanser, andre sentrale konferanser.	0	35 000
7030 Kontogebyr, porto mm.	?	100
7030 Medlemskostnader, sentralt belastet fylkeslaget (inkl. porto fakturert fra sentalt)	11000?	11 000
7050 Materiellutgifter	3416	2 000
7080/7090 Andel landsmøtebevilgninger	??	10 000
7080/7090 Bevilgninger gjort av fylkesstyret	55 000	30 000
7080/7090 Til styrets disposisjon	----	8 900
7099 Diverse utgifter	598	0
Sum utgifter	ca. 86 500.-	110 000.-

Oversikt over større utgifter 2021

7020	2021 / Landbrukets dag (Evje) + styremøter + årsmøte (Arendal)	7 500
7050	Materiellutgifter (Arendalsuka mv.)	3 416

7080/7090 Bevilgninger gjort av fylkesstyret

15.02.2021 Støtte til Faglig utvalg / Nei til EU	20 000
24.03.2021 Bevilgning til drift av Nei til EU sentralt	30 000
09.08.2021 Støtte til «Kystopprøret»	5 000

2021

Saldo A-A NtEU 15.02.2021 278 000

31.12.2021 277 300

2022

Saldo A-A NtEU 31.05.2022 294 225

10.Val.

Valgkomiteens forslag:

Olav Lidtveit	Leder
Paul Magnus Gamlemshaug.	Styremedlem
Helge ThorbjørnSEN.	Styremedlem
Olaf N. Bakke.	Styremedlem / kasserer
Marit Lyby Bakke	Styremedlem
Ingrid Skårmo	Styremedlem
Odd Arne Gabrielsen	Styremedlem

Jarle Bransdal.	1. Vara
Tor Tveide	2. Vara
Bjørn Arne Engen	3. Vara

Odvar Støle. Revisor

Vedtak: Følgende personer ble valgt:

Olav Lidtveit	Leder
Paul Magnus Gamlemshaug.	Styremedlem
Helge Thorbjørnsen.	Styremedlem
Olaf N. Bakke.	Styremedlem / kasserer
Marit Lyby Bakke	Styremedlem
Ingrid Skårmø	Styremedlem
Odd Arne Gabrielsen	Styremedlem

Jarle Bransdal.	1. Vara
Tor Tveide	2. Vara
Bjørn Arne Engen	3. Vara

Odvar Støle. **Revisor**

Valgkomite:

Alfred Skaar Kylland.

Tora Jakobsen.

Erik Fløystad.

Valgkomite konstituerer seg på førstemøte.

Protokollvitner:

Jan Oddbjørn Bakke

Jan O. Bakke

Ingrid Dorthea Skårmø

Ingrid D. Skårmø